

## **Årsmelding for Øystese idrettslag (ØIL) 2012**

**Styret i ØIL har i 2012 sett slik ut:**

Leiar		( 1 år )
Nestleiar	Per Dysterud	( 1 år )
Kasserar	Trude Torvund	( 2 år ) konstituert som leiar
Skrivar	Rune Vik	( 2 år )
Styremedlem	Sonja Fagerheim	( 2 år )
	Øystein Roe Sundsøy	( 1 år )
	Jan Tore Alvsaker	( 1 år )
1. vara	Åshild Bekkesletten	( 1 år )

Valnemnd dette året: Britt Marit Fasteland ( 1 år )  
Janne Britt Solås ( 1 år )

Revisor Signe K. Kvamsøy

### **Gruppeleiarar (ikkje valt av årsmøtet):**

Boccia/teppecurling	Lillian Kvamsøy
Fotball til 1/11	Per Dysterud
f.o.m. 1/11	Karsten Samland
Friidrett/postkassetrim	Leiv Sandven
Turn	Åshild Bekkesletten
Orientering	Olav Kreken

Hopp, Alpint, Symjing, Vektløfting - ingen gruppeleiarar

### **ØIL-styrerepresentantar i Sjusete skisenter (ØIL eig 1/3 og Kvam LSK 2/3):**

Magnar Dalatun ( 1 år )  
Einar Opsanger ( 1 år )

### **Styret sitt arbeid**

#### **Styremøter**

Styret har hatt 10 møte inkl. styremøte før årsmøte.

#### **Spesielle oppgåver**

- Innmelding av boccia-/teppecurlinggruppa i Norges Fleiridrettsforbund.
- Etablering av adresse m.v. for ØIL:
  - Adresse: **Postboks 120, 5604 Øystese**
  - Epostadresse: **post@oysteseidrettslag.no**
  - Adresse heimeside: **www.oysteseidrettslag.no**
- Arbeid med ØIL-heimeside.
- Arbeid med idrettsregistrering og ajourføring av medlemslister.
- Arbeid med nye vedtekter for Øystese idrettslag i samsvar med ny NIF-norm.
- Uttale til Kvam herad sin barnehageplan i brev datert 13.05.2012.
- Innspel til barnehageplan og evt. ny barnehage i Øystese, brev til Kvam heradsstyre signert av

leiar i ØIL og styreleiar i Hardanger talentutvikling AS.

- Forsikringssak med Gjensidige forsikring knytt til lynnedsdag i el.anlegg i Myrabakken. Kvam elektro AS har utført reperasjon av anlegget.
- Utviding av fotballbanen i Øystese med grunnlag i tilsegn om ekstern finansiering.
- Arbeid med inndriving av lova støtte frå Kvam idrettsråd.
- Vedtak om innkjøp av senior-teppcurlingsett – kr 17 000.
- Vedtak om støtte til fotballcupar og treningsleir – kr 35 000.
- Vedtak om økonomisk støtte til etablering av ”skeiselys” ved Skårsvatnet - kr 3 000.
- Vedtak om ØIL-sponsing av Ingmar Sægrov si deltaking på cupfinaleseminar i Oslo 24.11.2012 – kr 2650,-.
- Rydding/sanning i ØIL-eigneluter i det gamle biletrommet i Holmatun.
- Oppfylling av lengdehoppegrop med ny sand / grus.
- Fasttelefonen i skihytta på Sjusete har stått på ØIL. Er no overført på Sjusete skisenter.
- Dugnadsinnsats som partseigar for PL Holmatun.
- Samfunnshuset Holmatun og arbeid med ØIL-overtaking av drift.

## Grupper og aktivitet

Fotballgruppa er klart størst på aktivitet i idrettslaget og einaste gruppa med eige styre.

Dei andre gruppene med ein viss aktivitet har gruppeleiar men ikkje eige styre med økonomiansvar.

### ØIL-fotball

For detaljar vert det vist til årsmelding Øystese fotball 2012.

Styret har hatt følgjande samansettning fram til 01.11.2012:

Per Dysterud (leiar), Roger Vassnes (kasserar), Arild Lillevik (sekretær), styremedlemer:  
Per Magne Normann, Ingmar Sægrov, Sigmund Vik, Andre Laupsa, og Kirsti Opsanger.

Styret frå og med 01.11.2012:

Karsten Samland (leiar), Kari Øystese (skrivar), styremedlemer: Arild Lillevik, Hallgeir Botnen, Terje Melstveit, John Johansen, Sigmund Vik, Andre Laupsa.

Administrasjon frå 01.11.2012:

Roger Vassnes (dagleg leiar)

-Aktive fotballspelarar og lag

ÅR 2012	6 – 12 år	13 – 19 år	20 – 25 år	26 år og eldre	Samla
Jenter/kvinner	65	37	0	16	118
Gutar/menn	115	47	5	61	228
Samla	180	84	5	77	<b>346</b>

Til saman hadde fotballgruppa 26 lag i seriesystemet inkl. samarbeidslag med ØIL-fotball/Norheimsund fotballklubb. I tillegg til å delta i serie har ØIL-lag i ungdomsfotballen delteke i Sogndal Lerum cup og Regy cup (Haugesund).

Barnefotballen (fødd i 2000 og yngre) har bestått av 18 lag der dei fleste har spela i lokal serie, men dei eldste (00 og 01) har også delteke i Bergensserie. Lag har delteke i fleire cupar; Walter Holmes

cup i Ålvik, Øystese cup, Norheimsund sommarcup, Fana cup og Nordnes cup.

#### -Resultat

Kjempeaktivitet heile sesongen på utvida fotballbane i Øystese. Breiddefotballen har blomstra.

Roger Vassnes, trenrarar, oppmenn, dommarar og frivillige har gjort ein kjempeinnsats for å få til kjekk og stor aktivitet. **Tusen takk for god innsats!**

Småjentelag og smågutelag hadde gode prestasjonar både i serie og cup.

Jentelag og gutelag hadde gode prestasjonar både i serie og i cup.

Herrar junior spela seg til opprykk til 2. divisjon, pluss vart kretsmeister i 3. divisjon

Herrar senior kom på 5. plass i 3. divisjon menn.

#### -Økonomi

Grupperekneskapet viser overskot. Viser her til ØIL-rekneskap lagt fram på årsmøte.

---

#### Friidrettsgruppa - aktivitet

Gruppeleiar: Leiv Sandven

- Allidrett for born 6 – 10 år (barnetrinnet) kvar torsdag 17-18 vår og haust – 14 til 20 deltagarar.
- Friidrettsøving ute for barnetrinnet måndagar 18-19 i mai/juni – lengde, ball, 60 m, m.m.
- Nokre utøvarar frå barnetrinnet har delteke på 3 friidrettsstemne i Strandebarm.
- Utanom barnetrinnet har ØIL 12 medlemer som har delteke på ulike arrangement inkl. motbakkeløp.
- Idrettsmerkeprøve vart gjennomført den 21. og 28.08.2012.

#### Trimgruppa - Postkassetrimmen

Ansvarleg: Leiv Sandven

Postkassetrimmen er eit lågterskeltilbod som fremjar aktivitet og folkehelse blant både unge og gamle, små og store, ja som passar dei fleste som er glade i frisk luft og natur. Trimmene er sett saman av 10 postkassepunkt (Laupsadalen, Teldalen, Børvehagen, Nystøl; Krok, Botnane, Hyrtning, Ruedal; Manfjell, Torefjell). 8 personar er engasjert i arbeidet med postkassetrimmen.

2012 var ikkje av dei beste sommarane med omsyn på godt turver. Trass i ver og nedbør har postkassemåla vorte mykje vitja. Det er Torefjell som hatt relativt mest vitjing. Det som er gledeleg er at i år har det delteke fleire unge enn før om åra. Opplegget er som det har vore med diplom til 1. gongstrimmarar og etter det vert det markering kvart 5. år.

I 2012 vart det 22 nye trimmarar. Marit Lofthus, Ingebrig Ølmheim og Øystein Ølmheim har vore med i 25 år. Arnstein Lofthus, Sjur Mo og Tore Mo er nye 30 års trimmarar.

Dei som har samla mest poeng i år er;

Elisabeth Fremgaard	975 poeng.
Helge Lønning	269 "
Grethe Nyland	256 "
Synnøve Mo	250 "
Jørund Vik	193 "

Me vonar på ein godtursommar i 2013 og ynskjer alle god tur.

---

## Turngruppa – aktivitet

Gruppeleiar: Åshild Bekkesletten

- Leikeparti for born 4 – 5 år (u. skulealder) kvar torsdag 17-18 vår og haust – 20-25 born.
- Stemneparti damer hadde 10 deltakarar. Delteke på Vestlandsturnstemne i Ålesund 8.-10.juni. med vel 700 deltakarar.

---

## Boccia-/teppecurlinggruppa

Gruppeleiar: Lillian Kvamsøy

Boccia:

ØIL har hatt 2 lag med i Boccia-serien i Hordaland 2011/12 . Serieavslutninga var på Osterøy i juni 2012 og ØIL 1 fekk andre plass i serien. Totalt var det 12 lag med i serien.

Frå hausten 2012 hadde ØIL 3 lag med i serien. Det vert no spela kampar fordelt på 3 samlingar (laurdagar) der ein spelar fleire kampar. Det er totalt med 19 lag i serien i Hordaland sesongen 2012/13. ØIL spelte sine internkamper før jul. Serieavslutninga til våren skal vera i Øystesehallen den 8. juni 2013.

Teppecurling:

Har hatt besøk frå Askøy, der dei kom for å spele teppecurling og boccia med våre medlemmer. Elles er det lagt til rett for at ålmenta kan prøve teppecurling kvar tysdag i idrettshallen frå 19:15 - 20:30 (sambruk med klatrekuben). 3 – 4 personar har jamleg nytta tilbodet.

Teppecurling er eit artig lågterskeltilbod som bør kunne marknadsførast ovanfor grupper som elles har vanskeleg for å delta i organisert aktivitet. Kanskje pensjonistlaget og/eller Grannehjelpa kunne vere kontaktpunkt ?

## Aktivitetar elles i ØIL-regi

- Open hall-arrangement søndag 22.04.12.
- Øystese-trimmen og open hall søndag 23.09.2012.
- Idrettskuletilbod (idrettsSFO- og fotballSFO-tilbod) gjennom Hardanger Talentutvikling AS.
- Orientering – 1 utøvar som deltek på stemner og meisterskap.
- To dagar med born i hoppanlegget i Myrane.

Andre aktivitetar

- Aktivitetsprosjekt for ungdomar mellom 13 og 18 år som fell utanfor vanlege aktivitetar vart avslutta i mai 2012. Var eit samarbeid med ulike idrettslag og organisasjonar i kommunen.

## Medlemstal – med grunnlag i idrettsregistreringa

### **Medlemstal 2012 i fleiridrettslaget**

	0 - 5 år	6 – 12 år	13 – 19 år	20 – 25 år	26 år og eldre	Samla
Jenter/kvinner	14	56	56	7	150	283
Gutar/menn	23	77	49	9	178	336
Samla	37	133	105	16	328	<b>619</b>

## **Medlemsutvikling**

	2008	2009	2010	2011	<b>2012</b>
Jenter/kvinner			275	289	283
Gutar/menn			371	380	336
Samla	655	661	646	669	<b>619</b>

Kommentar til medlemsnedgang:

Styret i ØIL har ved gjennomgang av medlemslister funne at relativt mange som har delteke i ØIL-aktivitetar i 2012 ikkje hadde betalt medlemskontingent til hovudlaget. Desse personane er dermed ikkje teke med i medlemsregistreringa for ØIL i 2012. Styret må ta grep for 2013.

## **Økonomi (resultatregnskap med balanse)**

Generelt er hovudlaget sin økonomi god. Laget flyt på tidlegare opptente / oppsparte dugnadsmidlar, kombinert med at ØIL-fotball hovudsakleg sørger for naudsynt inntekt til fotballgruppa sitt aktivitetsområde. ØIL-grasrotandelen erstattar omrent tidlegare automatinntekter.

Rekneskapet for både hovudlaget og fotballgruppa vert ført av Vekstra Hardanger og Voss AS.

Viser elles til revidert rekneskap lagt fram på årsmøte.

## **Hardanger talentutvikling AS (HT) – selskap eigd av ØIL**

Eigarskap: Hardanger talentutvikling AS er eigd av Øystese idrettslag.

Styre: Roger Vassnes (styreleiar), Leiv Sandven (frå ØIL), Eilev Nyland (frå vollyballen), Geir Torgersen (frå håndballen) og Ingmar Sægrov (frå idrettsskulen).

Dagleg leiar sidan starten: Ingmar Sægrov

Hovudstyret i ØIL representerer eigar Øystese idrettslag på generalforsamling i HT.

Føremålet med føretaket (sitat frå stiftingsdokument):

*Tilrettelegging for idrettsaktivitetar for barn og ungdom under skule og fritid, samt andre idrettslege aktivitetar, herunder undervisningstenester.*

Året 2012:

Året 2012 har vore eit spennande år for Hardanger Talentutvikling. Øystese idrettsskule vart starta opp i august 2011. Januar 2012 var det 23 born innom tilbodet kvar veke, og personalet såg tidleg stor framgang på dei borna som brukte tilbodet.

Etter ein søkeradsprosess kom det i juni 2012 svar frå Norges Fotballforbund om at ein var plukka ut til å delta på TelenorXtra. Telenor og NFF laga til eit prosjekt som fotball-SFO, og Øystese fotball var så heldige å komme med som ein av totalt 37 klubbar på landsbasis! FotballSFO'en vert drive i regi av Hardanger talentutvikling. Telenor Xtra-tilbodet får god oppfølging frå dyktige personar i NFF og gjev tilgang til godt treningsutstyr, fotballmål og videokamera. Med dette SFO-tilbodet stod vi ovanfor ei spennande utfordring. HT kunne dermed tilby to ulike aktivitetstilbod rett etter skuletid! Pga retningslinjer frå NFF skulle TelenorXtra-tilbodet være ein fotball-SFO med fokus på allsidig aktivitet for elevar frå 4-7 klasse.

Desember 2012 deltok 48 born i dei to SFO-tilboda! Målet har vore å kome over 50 born og at fleire born var innom fleire dagar i veka.

**Økonomi:**

Foreløpig rekneskap for 2012 syner eit mindre underskot på kr 18 000. I tillegg ligg det eit etterslep på ubetalt husleige på kr 30 000.

Med dagens organisasjonsmodell og drift er Hardanger talentutvikling avhengig av at deler av drifta vert dekkja gjennom ekstern finansiering, t.d. utleige av idrettskompetanse, tilskot frå NIF, tilskot frå stiftingar / sponsorar eller gjennom støtte knytt til gjennomføring av prosjekt. Realiteten er at selskapet manglar frie midlar som kan forskottere prosjektarbeid der tilskot vert utbetalt i etterkant av driftsåret.

Etter årsmøte må nytt hovudstyre i ØIL ta ein gjennomgang i selskapet for å sjå om det er grunnlag for vidare drift.

Turbulens knytt til utbetalinga av kompensasjonsmidlar i 2013:  
Kjem opp som orienteringssak på ØIL-årsmøte 20.03.2013.

Øystese 13. februar -2013

Rune Vik  
-skrivar-